

Flora Turlag

Årsmelding 2025



Flora Turlag (FT) er tilslutta DNT Sogn og Fjordane, som er ein av medlemsforeiningane i Den Norske Turlag. Vårt medlemsområde er gamle Flora kommune, og vi utøvar vårt arbeid i Kinn kommune. Formålet er å vere leiande formidlar av eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, samt jobbe for ivaretaking av friluftslivets natur og kulturgrunnlag.

Sidan 1976 har vi lagt til rette for flotte turopplevingar i Flora-naturen. Turlaget har gjennom desse årene vore opptekne av at alle skal kunne finne eit tilbod som passar. I dag har vi turtilbod til alle - frå barn til senior, på dagtid, ettermiddag og helg gjennom heile året. Vi kan i tillegg tilby besøk og overnatting på fire ubetjente hytter.

Styret 2025

Leiar:	Bengt Solheim-Olsen (1 år - nyval)
Styremedlem/ Nestleiar:	René Korneliussen (2 år – nyval)
Styremedlem:	Kenneth van der Meulen (2 år – ikkje på val)
Styremedlem /Kasserar:	Hilde Knudsen (2 år – nyval)
Styremedlem /Kasserar:	Hildegunn Isene (2 år – ikkje på val)
Varamedlem:	Tilde Svardal (1 år - nyval)
Varamedlem:	Ingrid Andresen Lund (1 år - nyval)
Revisor:	Alvdis Solvang (1 år – nyval)
Valnemnd:	Anders Espeseth (2 år – nyval) Karen Nilsen (2 år – ikkje på val) Sunniva Geithus (2 år – ikkje på val)

Styrearbeid

Styret har hatt fem fysiske møter i 2025 i tillegg til hyppig kontakt på e-post og Messenger når det har vært behov for det. Det har vore bra turaktivitet også i år sjølv om man i ein periode med hetebølge lurte på om man var på reise på og rundt ekvator. Vi har med stor suksess arrangert klassikarane Øyane Over, Alden, Opptur for 8.klassingane og Kom deg ut-dagen. Barnas Turlag har hatt høg og spennande aktivitet for dei minste, og Tur og kultur og tysdagsturane har hatt et variert og interessant program med god deltaking.

Årets Trimpoeng i og rundt Florø hadde som vanlig stor oppslutning og imponerende mange trossa den lokale sydenvarmen for å ta 64 av 64 turmål og kjempe om poeng. Flora Turlag gjorde lokalsamfunnet nok ein gong om til ein aktiv sosial arena der nye turmål blei oppdaga og gjennom dette bidrar dermed Flora Turlag til betre trivsel og folkehelse. Dei nære enkle turane samla også i år mest folk og som lågterskeltilbod er det kjekt å sjå.

Hyttedrifta med vår stadig meir imponerende portefølje går som vanlig med skulehuset på Kinn som den lettast tilgjengelege og dermed også best besøkte. Både Blåbrebu og Børabu har jevnt med besøk men det må være et mål å få enda fleire til å oppdage disse perlene. Byggekomiteen for den nye sikringsbua på Gjeugnabu med Dag i spissen har gått og flydd hardt på i haust, og vi gleder oss stort til å opne den til sommaren.



På Prestholmen er aktiviteten høg og der blir gjort ein stor jobb for å gjere naustet både triveleg og funksjonelt. Det har vært mange spektakulære padleturar også i år, som vi landkrabber har kunne studert gjennom bilete og beskrivelser på våre flotte sosiale medium.

Etter fleire år med jobbing har vi endeleg lykkast med å ta over skulehuset på Askrova. Prosjektet har som mål å utvikle gamle skulen til eit inkluderande og naturvennleg friluftssenter, i tråd med Den Norske Turistforenings (DNT) strategi for kystfriluftsliv og verdiane i vegvalet 2026–2031.

Årsmelding 2025


20. november

Senteret skal være et lågterskeltilbod for både lokalbefolkning og besøkande, og bidra til å styrke fellesskapet og tilgjengelegheita til kystnaturen. Visjonen er å skape ein levande møteplass for kystfriluftsliv på Askrova – med fokus på naturformidling, kystkultur, overnatting, aktivitet og frivilligheit.

Generelt vil styret få rette ein stor takk til alle frivillige som bidrar for Flora Turlag. Utan den innsats, stå-på-vilje, entusiasme og arbeidsglede de legg ned for laget hadde vi ikkje kunne levert så mykje god aktivitet og gode tilbod som vi i dag gjer.

Medlemstal

Flora Turlag har eit æresmedlem: Astrid Breiland Eliassen. Per 20.08 i år har vi **864** medlemmar. Det er ein liten nedgang på 4,32% frå i fjor.



Turar og aktivitet

Det har vore ein fin tursesong med mange flotte høgdepunkt. I år har vi hatt 73 planlagde turar, og av desse er 69 gjennomførte. Ta kontakt med styret om du ønskjer ei grundigare utgreiing av turane enn det som kjem fram her i årsmeldinga.

Tysdagsturar

Vi har hatt 25 tysdagsturar frå 1.11.24 tom 28.10.25. Totalt har det vore med 603 deltakarar, i snitt 24 per tur. Dei går stort sett i områda Eikefjord, Nordalsfjord, Grytadalen, Stavang og i nærområda til Florø. I fleire år har Trygve Nybø hatt ansvar for planlegging og organisering av turane, og før det torsdagsturane. Frå i haust ønska han avløyning og det er no 4 turleiarar som fordeler denne oppgåva seg i mellom. Det har fungert godt så langt.

Tur&kultur

I år hadde vi 25 turar og 357 deltakarar i tidsrommet påske til medio september. Turane har gått til øyane, til turmål nær Florø, til Bergen /Over vidden, Bremanger, Rugsundøy/Tongane fort, Naustdal, Troda frå Davik, Utvær, Husevågøy og Svelgen. Vi har samarbeid med Senioruniversitet om tur til Stakaldeneste, med Flora Historielag frå Svardalen til Thingneset, Kinn kyrke i samband med Seljumanamesse og Olsokgudstenesta. I august hadde vi

overnattingstur til Pettersenhytta i Gjengedalen. I tillegg til våre egne turleiarar har vi ofte med oss lokalkjende som fortel langs med turen og når vi kjem fram til turmålet.

Øyaturar ettermiddag

I mai/juni/juli gjekk turane til Trimpoengpunkta på øyane Fanøy, Askrova, Svanøy, Kinn, Skorpa, Hovden, Reksta og Store Batalden. Det var totalt 8 turar og 196 deltakarar. Øyaturane og Tur & kulturturane var planlagt i lag slik at dei ikkje har kome på same dag og at vi vel dei dagane det er lengst opphaldstid på øyane etter båtrutene.



Onsdagspadling

Padlesesongen 2025 har inneholdt kjempefine turar og mykje god stemning. I overkant av 100 padlarar har deltatt og turane i nærområdet har vært ein blanding av rolege turar for nybegynnarar, lengre turar for erfarne, og ei utruleg fin padlehelg i august i Smørhamn. Totalt 8 turar har vi gjennomført, og sjølv om avslutningsturen måtte utsetjast pga. dårleg vær, blir den gjennomført som ein måneskinstur seinare i vinter.

Helgeturar

- Alden: Gjekk 11. mai med 48 turdeltakarar tur retur Florø. Dei fleste var tilreisande og var for første gong på Alden. Turen vart arrangert saman med Indre Sunnfjord Turlag med turleiar frå begge laga. Sol frå skyfri himmel, medvind opp bratta og vindstille på høgste toppen. Der kaffien og nista kunne nytast og utsikta var formidabel – Ytstenova 418 moh og Instenova 480. Omlag 6 km, 532 høgdemeter totalt og 3,30 timer med pausar. Takk til GulenSkyss og mannskapet på tre ombord på M/S Øyservice for super service og trygg skyss frå/til Florø. Turleiar var Arnfrid

Årsmelding 2025

20. november

Bergheim, Dag Eliassen, Kristin Orre, Eva Bergstrøm, Elin Sæther Standal. Jone Oddvar Havnen og Astrid Breiland Eliassen.

- *Øyane Over*: Gjekk 25.mai i år. Vart starta 22. mai 1977 som Flora Turlag sitt svar på Bergen Turlag sin 7 fjellstur. Dei 4 øyane Hovden, Store Batalden, Skorpa og Kinn er framleis dei same, men i landstiging er blitt endra på grunn av større båtar og då blir det endring på rutetracear. Med på turen i år var det 57 – vêrmeldingane var ikkje dei beste, men vi fekk ein fin tur. FT samarbeider med Indre Sunnfjord Turlag dei siste 6 åra og har med turleiar derifrå, i år hadde vi også ei turleiar frå Keipen Turlag. Kjekt er det at dei er mange tilreisande som kjem til Florø og blir med på tradisjonsturen – fleire av dei for første gong. Turen over alle toppane er om lag 20,3 km, 1400 høgdemeter totalt og 12 timar. Turleiar var Arnfrid Bergheim, Dag Eliassen, Nils Magnus Eliassen, Kristin Orre, Elin Sæther Standal, Eva Bergstrøm, Kjell Morten Langedal, Lise Mari Haugen, Frode Hansen, Hilde B Reksten og Astrid B Eliassen. Takk til GulenSkyss og mannskapet på tre ombord på M/S Øyservice for super service og trygg skyss på Øyane Over.



- *Nipenatt*: Vart avlyst på grunn av dårleg vær med regn og ingen sol ingen tur, det er for å sjå solnedgang vi går denne midsommarsturen.

Barnas Turlag

Barnas Turlag held fram med den fine veksten i aktiviteten. Nytt av året var at vi hadde småbarnsturar opne for alle aldrar i nærområdet rundt byen, i tillegg til dei vanlege Turboturane, der vi går litt lengre. I år hadde vi totalt 15 turar for store og små, med eit gjennomsnitt på 10 born og 7 vaksne per tur. Høgdepunktet i sesongen var Kom-deg-ut-dagen på Sørstrand, med fantastisk oppmøte og nydeleg vêr. Elles har vi hatt mange fine turar til nye område og stiar, samt nokre «gjenoppdaga» turmål som til dømes Hjortestien på Solheim og gapahuken i

Årsmelding 2025

20. november

Mekevika. Planen for neste år er å halde fram med Turboturane, etablere ein eigen Turboklubb, og prøve å få til ein overnattingstur for dei største borna. Vi har allereie starta planlegginga og har rekruttert heile fire nye turleiarar.

Kom deg ut-dagen

Denne dagen ønsker vi å nå breidt ut til befolkninga og særleg til barnefamiliar i heile landet, både turvande og forskingar. Vi vil gi deltakarane ein smakebit av friluftslivet - ein smakebit som gir meirsmak! Årets Kom deg ut- dag på hausten vart gjennomført på Sørstrand med stor suksess. Ansvarleg for arrangementet Astrid B Eliassen saman med Arnfrid Bergheim, Siv Grov, Bengt Solheim Olsen, Dag Eliassen, Nils Magnus Eliassen og Renè Korneliussen. Fjordane Friluftsråd var med på arrangement som gir oss eit fint tilskot på dagen. Også i år spelte været på vår side og det var mange born på - og i vatnet, samt på turbingo slakk line og i hengekøyer. Dei nye barnekajakkane var populære. Fin plass å få informere om Barnas Turlag sine aktivitetar.



Opptur

7.mai var det duka for OPPTUR 2025 – DNT sin nasjonale turdag for 8.klassingar. Florø Ungdomsskule var med på arrangementet for 19. gong. Elevar og lærarar gjekk Oppturløypa frå Florø Ungdomsskule til toppen av Brandsøyåsen – 6 km og 492 høgdemeter totalt. Leiar Bengt Solheim-Olsen ønskte velkommen og god tur før han sendte elevane ut på OPPTUR frå Florø Ungdomsskule. Flora Vidaregåande skule med klasse 2IDA hadde aktivitetar undervegs i løypa.

Sikkerheit

Som alltid har sikkerheit vore i fokus hos oss. Alle turar blir risikovurdert på førehand av turleiar. På alle turane har det vore godkjende turleiar og vi føl DNT sine retningslinjer «Trygge aktivitetar».

Vi har hatt 1 personskafe i 2025. Uhellet ble korrekt handtert og varselet etter gjeldande prosedyrar.

DNT sine digitale verktøy

- UT.no: Er DNT sin felles plattform for turmål, turforslag og hytter og er eit levande prosjekt som vi oppdaterer heile tida. Årets mål er at UT.no og DNT.no skal bli dei beste nettsidene for tur og turforslag på nett. Dette gjeld spesielt nærturar og dei mest tilgjengelege turane i nærheita av der folk bur. Vi har 140 Turforslag og 5 Hytter.

- SjekkUT-i-UTappen: Er DNT si digitale turpostkasse. SjekkUT og turtipsa har vore oppdatert med Vadestader, Bruer og Kulturminne og punkt der ein finn mobildekning i område der

dekningsgraden er liten. Vi har 238 turmål og steder/punkt og 19 lister. Oppsummert har vi 16 651 innsjekk av 874 personar som har sjekka inn.

Vi har deltatt på digitale kurs «Turen startar på nett» som går på vedlikehald og oppdatering av UT.no og UTappen. Deltok på seminaret om berekraftig stiutvikling på Skei 3.april – «Eg gjekk ein tur på stien». Ansvarlege for UT.no og SjekkUT-i-UT appen er Arnfrid Bergheim og Astrid Breiland Eliassen.

Turtrimmen

Turtrimmen 2025 skal motivere til turgåing og gode naturopplevingar. I år har vi alle punkta frå to lister: Flora Turlag Norddalsfjord Nedre og Flora Turlag Høydalane/Stavang/Standal på ei liste: Flora Turlag Turtrimmen 2025. Her premier vi dei som tar alle punkta og trekk ut 3 tilfeldige blant dei som har sjekka inn. Totalt har vi no 238 flotte turmål og stader i appen, og her finn du lista med alle turmåla for 2025. Vi premiar dei som klarer alle punkta. Konkurransen gjeld frå november 2024 tom oktober 2025. Astrid Breiland Eliassen og Arnfrid Bergheim har hatt ansvaret.

Trimpoeng

I år som i fjor legg vi bak oss nok ein flott Trimpoeng sesong. I år hadde vi 1524 deltakarar, og nytt av året var at du kunne melde på lag. Året ga oss litt over 82 000 innsjekk, og heile 10 000 meir enn i fjor. Det vitnar om ein populær Trimpoeng-konkurranse også i år. Paviljongen ved Litleåsen hadde 15 440 innsjekk og Lilleåsen utsiktspunkt hadde 9 627 innsjekk. Dei blei dermed dei mest populære turmåla. Dei mest eksklusive blei Plogen med 26 innsjekk og Handkletua med 27. I år må vi ta hatten av for Mats Vigdal Gulestøl. Dette er vårt 5. år, og aldri har nokon tatt så mange poeng. Han tok heile 4 889 poeng fordelt på 1 779 innsjekk. Det er så imponerende. I tillegg tok han flest poeng kvar månad! Vi fekk også premiært Gudinner i Gore-Tex, som blei konkurranens første lag som vann! I tillegg blei den eksklusive klubben for dei som tok alle 64 turmåla hylla. Det var 17 stk. som sjekka av alle turmåla i år, og det er som alltid - kjempeimponerende. I tillegg må vi skryte av Stig Solheim, Elin Sæther Standal og Eva Bergstrøm som har gjort dette kvar sesong - altså 5. året på rad.

Vi fekk også delt ut den gjeve Bravopremien. Premien går til ein tilfeldig person som har tatt over 200 poeng og er medlem i turlaget. Ein spesiell takk til Bravo Seafood, og alle dei andre kjekke sponsorane våre som gjer det mogeleg å arrangere ein kjekk konkurranse år etter år.



Årsmelding 2025

20. november

Hytter

Som vanleg har hyttene våre vore gjenstand for mykje god dugnad. I tabellen under kan du lese av overnattingar og besøk som har vi har fått registrert. *Overnattingar Blåbrebu*: 70 overnattingar registrerte i protokollen per 15. august. Helga etter 15. august var begge hyttene fullbooka. Desse tala er ikkje tekne med. I oversikta har vi heller ikkje fått med tal frå Børabu, og dagsbesøk på Blåbrebu.

	Gjegnabu	Blåbrebu	Kinn	Børabu	
	Overnatting	Overnatting	Overnatting	Overnatting	Totalt
2025	104	70	505		679
2024	121	58	550		729
2023	53	65	412	52	582
2022	46		398		444
2021	138	163	435		736
2020	54	65	482		601
2019	104	69	192		365
2018	110	106	175		391
2017	42	63	168		273
	Dagsbesøk	Dagsbesøk	Dagsbesøk	Dagsbesøk	Totalt
2025	41		113		154
2024	25	9	167		201
2023	50	9	129	50	238
2022	25		148		173
2021	22		76		98
2020	31		72		103
2019	14	21	133		168
2018	110	106	175		391
2017	42	63	168		273

- Kinn

Tal overnattingar: 505. Dagsbesøk: 113 registrerte, mest dugnad og tilsyn. Hytta er mindre brukt til møte og samlingar enn i fjor. Talet på overnattingar er om lag det same som i 2024 (då hadde vi 50 fleire på grunn av ei filminnspeling). Gjestane våre kjem frå heile landet og ein god del frå andre land. Vi har ikkje hatt skuleklassar i år, men fleire vennegjengar, par og enkeltpersonar. I oktober var det ei gruppe på ti frå Friluftsrådet/studentar i Sogndal som budde på hytta og rydda langs sjøen.

Vi får gode tilbakemeldingar om kor velutstyrt hytta er, at prisen er rimeleg, og kor ryddig det er både inne og ute. Vi har eit godt samarbeid med vertane i Kinnakyrkja, og Kinnaspelet brukar hytta som avtalt under arrangementet. Elektronisk bestilling fungerer godt, og tilsynsansvarleg er som oftast i kontakt med dei fleste som bur på hytta.

Vi har hatt dugnad for å rydde, vaske, skifte sengetøy, slå gras og sjekke at alt er i orden. Tilsynsansvarleg sjekkar vassreinsinganlegget ein gong per måned. I sommar hadde vi nokre veker med misfarga vatn, og det lærte oss at filteret må skiftast oftare enn kvar tredje måned ved vêrskifte/varme, slik som i sommar. Det er laga ei sjekkliste, som ligg i ein perm på hytta, over kva som skal gjerast av vedlikehaldsarbeid og kva som skal sjekkast kvar måned. Det har også vore tilsyn på septiktanken i år.

I april/mai tok vi av skifertaket på sørsida av tilbygget på grunn av lekkasje. Vi skifta lekter, papp og sutak og la på att skifer. Ein snikkar var ansvarleg for arbeidet, og seks medlemmar deltok frå éin til seks dagar. Det utgjorde om lag 200 timar med dugnadsarbeid. Vi må vurdere om det må gjerast noko med taket på badet, og eit vindauge i stova må skiftast neste år.



- Børabu

I desember 2024 fekk vi fekk flydd opp ved, gass og litt forbruksmateriell som skal holde ei stund til. Irene Guddal Hansen sydde og hengte opp gardiner på Børabu i sommar. Vi satsar på å få lage ein platting og nokre benker der neste sommar. Elles har Arild fått mange gode tilbakemeldingar frå gjester som har vore der i år. Det neste som er på agendaen er å tømme dassen, det blir ordna no i vinter.



- Blåbrebu

Vinteren i år var prega av lite snø i låglandet. Skiene måtte berast omtrent halvvegs opp til hytta. Men det var skiføre ved hytta eit lite stykke ut i mai. Sommarsesongen blei dermed lengre. I år har vi utført vanleg tilsyn med hytta. I tillegg har det blitt sydd og montert gardiner på soveromma. Tykke og varme sokkar til utebruk har blitt strikka og hengt opp på hytta. Det har også kome dukar på borda. Vi har måla hytta, og vi har skifta den eine støtta på inngangspartiet. Det har òg blitt utført noko arbeid på stien opp frå Grøndalen.

Overnattingar 2025: 70 overnattingar registrerte i protokollen per 15. august. Helga etter 15. august var begge hyttene fullbooka. Desse tala er ikkje tekne med.


Dugnad neste år: Vi må ha ein flyging til Blåbrebu for å fylle gass og ved i 2026. Sofaputene må fornyast, sidan dei er tynnslitne og har hol. Vi må òg leggje ein plan for å skifte ein hjørnestokk på hytta i det nordvestlege hjørnet. Kjøkkenvindauget bør vi vurdere å skifte snart. På stien opp er det rotvelta 2–3 furutre som må fjernast. Resten av stien treng årleg vedlikehald.



Nymala hytte 2025

- Gjegnabu

Tilsyn har vore ført av Dag Eliassen og Martin Mettenes. Tal: 41 dagsbesøk og 104 overnattingar. Første dagsbesøk var i februar. Det blei gjort eit forsøk på å opne hytta 23. mars, men på grunn av usikre snøforhold (ein gjekk gjennom ein snøbru) fann ein det best å returnere. Hytta blei opna etter vintersesongen 19. april av Martin Mettenes. Hytta hadde klart seg bra gjennom vinteren, men som vanleg var det behov for lufting og vasking.



Vêrforholda øydela for planlagde turar arrangert av Midtre Nordfjord Turlag, samt frå Bergen. Det blei lagt ned mykje tid og ressursar for å få midlertidig internett på hytta i samband med bygging av sikringsbua. Eit kamera blei òg sett opp slik at vi kunne følgje vêrforholda med tanke på helikopterflyging. Nytt sengetøy er lagt på, doen er tømd, og hytta er nedvaska. Det er òg kjøpt nytt kjøkkenutstyr som vil bli flogge opp til våren. Hytta blei vinterstengd 31. oktober.

Sikringshytta: Hytta er snart klar for opning, men på grunn av nokre uheldige omstende fekk vi det ikkje til i år. Innreiinga, det vil seie kjøkken, benkar og bord, er ferdig. Det er Arild Nordal som har bygd dette på dugnad. Innreiinga er flogge opp, men ikkje montert. Elles manglar dører, pipeløp, og tak og kledning må ferdigstillast. Byggeprosessen har vore påverka av vêret, og det har vore mykje ventetid på grunn av skodde. Fleire personar har delteke i dugnadsarbeid, både i samband med etablering av kommunikasjon, snømoking, skjering av spirorør, matlaging, bistand med helikopterflyging, generell rydding med meir. Byggekomiteen er: Dag Eliassen, Martin Mettenes, Knut Julnes, Stian Nærøy og Malin Johannessen.



Økonomisk støtte

Vi har fått økonomisk støtte frå

Tippemidler

Sparebanken Vest

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

XL-bygg sitt DNT fond

Olav Thon DNT stiftelse

SFE AS

Julnes Eiendom

Ivest Consult

Ein stor takk til bidragsytarane våre!

Kurs og arrangement

To kveldar har vi hatt fiksekveld av turklede på Kystmuseet i samarbeid med Flora husflidlag.

Dugnadstimar

Det blir kvart år lagt ned betydeleg med dugnadstimar i turlaget. Tusenvis av dugnadstimar gir tilbake lokalsamfunnet. Mange har deltatt på dugnaden i år. Ingen nemnt og ingen gløymd, men en stor takk til alle som har vært frivillig!

De er sjølve motoren i laget - år eller år.

Ålfotbreen Landskapsvernområde – ressursgruppe

Det har ikkje blitt gjort så mykje aktivt arbeid frå Florø Turlag si side i løpet av året. Det er likevel ein løpande dialog med både landskapsvernområdet og grunneigarar i Grøndalen om utbetring av stiar og generell tilrettelegging for naturbasert friluftsliv. Dag Eliassen har vore vår representant.

Samarbeid

Vi takkar alle våre gode samarbeidspartnarar og sponsorar! Det krev støtte og gode støttespelarar for å få ting til, og vi hadde ikkje fått til det vi gjer utan dykk. Ein ekstra takk til våre største støttespelarar Sparebanken Sogn og Fjordane og Sparebanken Vest.

Vi vil rette ei **stor takk** til alle frivillige som
gjer ein glimrande dugnadsinnsats for
turlaget!



Styret i Flora Turlag

Bengt Solheim-Olsen
René Korneliussen
Kenneth van der Meulen
Hilde Knudsen
Hildegunn Isene
Tilde Svardal
Ingrid Andresen Lund